

GUDVEIG KARTVEIT SUNDSBØ

Mobilnummer **E-postadresse**
938 40 587 gudveighk@hotmail.com

Kontonummer **** ** 80807

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
05.08.2021	Alver kommune	31.03.2021	2021/3080, Agros 149473

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – gjenreisning av to skjeneflorer på Kartveitfjellet GBNR 455/4

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 51 500 kroner i tilskot til GUDVEIG KARTVEIT SUNDSBØ til gjenreisning av to skjeneflorer på Kartveitfjellet GBNR 455/4. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 16.07.2024.

Alver kommune viser til søknad av 31.03.2021.

Bakgrunn i saka

GUDVEIG KARTVEIT SUNDSBØ søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 31.03.2021. Du søker om totalt 51 500 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.01.2022-31.12.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 120 000 kroner.

Søkjer ynskjer å renovere to skjeneflorar til bruk for uthus til sau.

Søkjer har opplyst at ved Kartveitfjellet, vendt mot sørvest står det fire skjeneflorar i kort avstand frå kvarandre. Dei er plasserte slik at ein har utsikt mot Mangersfjorden mot nordvest, og Kvistefjellet mot vest. Dei er alle plasserte på eigendomen til søkeren , i nærleik av grensa til bruk nr 6 og bruk nr. 7. Det går ein tursti gjennom området ved skjeneflorane, til Kartveitfjellet, og vidare mot Morkenfjellet og Nottveitveten. I mange år vart skjeneflorane brukt av desse tre bruken, og fleire ulike gardsbruk på Kartveit, då det var felles beite på fjellet. Dei står så nære at dei alle er på vår eigendom no, etter utskifting, og deling/ avgrensing av fjellbeitet. Alle har vorte øydelagt av tidenes tann, alle mangler tak, og to av dei har mista ein god del av murane. Dei to andre, dei som er i best stand, har mesteparten av veggane i stand. Det er bygd av naturstein, slik fleire andre historiske skjeneflorar området. Natursteinsmuren går til topps i gavl mot vest. Desse florane står høgast, nærstående kvarandre og var nok dei to siste som var i bruk. Restar etter blikktak ligg inni den eine skjenefloren.

Søkjer ønskjer å få gjenreise dei to skjeneflorane som er i best stand. Det innebærer noko murarbeid, og konstruering av tak til begge. Ein god del av arbeidet vert gjort av søkeren sjølve. Likevel vil dei trenge tømrar og murar til å gjere noko av handverksarbeidet. Dei ønskjer å gjere murarbeidet sjølve, med bistand frå innleigd kompetanse innanfor natursteinsmuring. Dei treng ein

del tømmer og plank til å lage tak, samt bølgeblikkplater. Øvrig materiale må kjøpast inn. Det vert nytta norsk kvit tremateriale. Taket vert byggja av grindaverk med tømmer frå eigen skog på bruket. For å få utført dette arbeidet må dei ha bistand frå innleigd kompetanse.

Grunnjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksdelen er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruksdelen og redusere forureininga frå jordbruksdelen, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksdelen](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruksdelen § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbruksseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbruksseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskriftera som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbruksseigedommen skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskriften § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskriften § 3 tredje ledd.

Målet er å sikre levande skjeneflorar vidare til andre generasjoner. Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart, naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruksdelen §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi. Administrasjonen meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å ta vare på det verdifulle kulturminnet.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	beløp
Felling og bearbeiding av tømmer 30 timer*350 kr/time	10 500
Tømmerverdi fra eigen skog	2000
Bruk av maskin ved felling 10 timer *500 kr/time	5000
Murerarbeid 80 timer*350 kr/time	28000
Murerarbeid innleigd 10 timer *1000	10000
Tømrerarbeid 80 timer*350 kr/time	28000
Tømrearbeid ,innleigd 30 timer *750 kr/time	22 500
Innkjøp av materiale	16000
Sum	120 000
Tilskotssats 42,9% (basert på søknadssum i søknad)	51 500

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 51 500 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er **16.07.2024**. Dersom du ikke overheld fristen, fall tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikke at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Alle tiltak som gjelder kulturminner og kulturmiljør bør gjennomføres etter prinsipper som kulturminneforvaltningen legger til grunn. Dette er bl.a:

- bevare mest mulig av kulturminnets opprinnelige elementer eller kulturmiljøets egenart og helhet.
- foreta så få forandringer som mulig, reparasjoner fremfor hel utskifing.
- bruke tradisjonelle ,stedege materialer,håndverksteknikker og farger

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

- Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.
- Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er **120 000 kroner**. Utbalt tilskot kan ikke overstige **42,9 %** av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve

Godkjend av: Laila Bjørge